

Organisasjonsnummer: 938626367
Foretaksnavn: Hordaland fylkeskommune
Navn: Karen Nybø
Kontonummer: 52010674239
Adresse: A.mowinckelsgt 5
Postnr.: 5020 Bergen
Mobiltelefon: 41695201
E-post: karen.louise.nybo@hfk.no

Mottaker: Miljødirektoratet
Kopimottaker: Fylkesmannen i Hordaland

SØKNAD

REFERANSENR.: 18SEAB92

FOSSILFRIE BYGGE- OG ANLEGGSPLASSE I HORDALAND

Type tiltak: Forprosjekter for klimagassreducerende tiltak

Hva skal prosjekteres?

Hordaland fylkeskommune ønskjer å redusere klimagassutslepp frå bygge- og anleggstenester som vi kjøper inn.

Tiltaket skal sjå på mulegheitene for at Hordaland fylkeskommune kan krevje fossilfrie bygg- og anleggsplassar og gjere organisasjonen vår klar til å operasjonalisere dette. Målet er å kunne ta initiativ til eller delta i kunngjering på Doffin om utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar.

I 2016 kom størstedelen av klimagassutsleppa frå denne sektoren i Hordaland fylkeskommune frå fylkesvegbygging, deretter vidaregåande skular og Bybanen Utbygging i følge AsplanViak. Utsleppa knytt til anleggsplassane kjem mellom anna frå transport/logistikk, byggtørk og anleggsmaskinar.

Tiltaket inkluderer

- * ei fagleg utgreiing om potensialet for klimagasskutt på bygge- og anleggsplassar, kost- /nyttevurderingar konsekvensar for marknaden og dei praktiske mulegheitene for å nytte alternative løysingar i Hordaland
- * fagleg seminar knytta til fylkesvegsektoren, bygningar og bybane
- * dialogkonferanse med bransjen
- * utvikling av kontraktsunderlag som kan nyttast av Hordaland fylkeskommune sine nært foreståande prosjekt
- * vurdere fellesinitiativ for fossilfrie bygge- og anleggsplassar

Hordaland fylkeskommune er med i Klimapartner Hordaland og vi vil invitere andre verksemder med, på det faglege seminaret.

Dialogkonferansen blir ein samtale med potensielle leverandørar.

Beskriv hvorfor dette tiltaket er et utslippsreducerende tiltak kommunen ønsker å arbeide videre med:

Bygge- og anleggsverksemd utgjorde 28% av klimafotavtrykket frå Hordaland fylkeskommune i 2016 (AsplanViak). Kor mykje av det 100 tusen tonn store utsleppet av CO2-ekvivalentar som kan reduserast som følge av tiltaket, veit vi ikkje før prosjektet er gjennomført.

Eigedomssesksjonen til HFK har prosjekt som kan redusere klimagassutsleppa dersom det blir stillt krav om fossilfrie bygge- og anleggsplassar.

Bybanen Utbygging har avslutta Klimasatsprosjektet "Grønnere Bybaneutbygging" og dei vil delta i dette nye tiltaket som døme for andre og for eigen del, med byggettrinn fire.

Samferdselsavdelinga i HFK har kontakt med Statens Vegvesen i Fylkesvegrådet om klimakonsekvensar av prosjekt og vona er at dette tiltaket kan medverke positivt vidare.

For å ta steget med å krevje fossilfrie bygg og anleggsplassar treng vi ein kunnskapsbasert prosess som involverer dei rette aktørane i møter og seminar.

Sidan fylkeskommunen nyttar private entreprenørar, vil krav om fossilfrie bygge- og anleggsplassar verke direkte inn på deira tilpassing. Ein annan grunn til å arbeide vidare med tiltaket, er at vi kan få med oss verksemdar frå Klimapartner Hordaland og dermed få endå større verknad..

Hvordan er søknaden politisk forankret?

Hordaland fylkesting des 2017 om klimaplanens handlingsprogram for 2018:

Fylkestinget ber om at det vert tatt initiativ til eit samarbeid med Statens Vegvesen og Jernbaneverket om reduksjon av klimautslepp frå store utbyggingsprosjekt både gjennom planarbeid og i utbyggingsfasen.

Internt miljøhandlingsprogram for 2018 følgjer opp dette med tiltak 23 "Arbeide for fossilfrie bygge- og anleggsplassar" og tiltak 25 "Grønare utbygging av fylkesvegar i Hordaland"

Fylkestinget vedtok 10.12.2013 i sak 64/13 Klimaplanens handlingsprogram 2014 følgjande:

4. Hordaland fylkeskommune vil leggje til grunn at alle køyretøy som vert eigd av eller som utfører tenester for Hordaland fylkeskommune bør bruke låg- og nullutsleppsteknologi når teknologien tilseier det.

Gjennomføring

Når planlegges arbeidet startet og avsluttet?

Arbeidet vil starte så snart vi ev. får tilskott frå Klimasats. Vi planlegg å vere ferdige medio 2019.

Gjennomføringsplanen kan lastes opp som vedlegg eller beskrives nedenfor:

sjå vedlegg

Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

Dersom vi ikkje får støtte, må vi prøve å oppnå måla våre utan så mykje dokumentasjon. Det vil bli mykje tyngre og ta lenger tid.

Kostnadsoverslag / Budsjett

Utgifter til gjennomføring av tiltaket	Beløp uten mva
rapport	150 000
to seminar	100 000
utvikling av kontraktsunderlag	100 000
dialogkonferanse	100 000
Total sum	450 000

Finansiering

Finansiering av tiltak	Beløp uten mva
Samlet kostnad ved tiltak(ene)	450 000
- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	0
- Egne midler	225 000
= Omsøkt tilskudd fra miljøforvaltningen	225 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Nei


Utdyping finansiering

Er noe av finansieringen annet enn kommunale midler eller klimasats-midler? Får eller har tiltaket mottatt eksterne midler av noe slag? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om eksterne midler, men ikke fått svar enda? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

Vedlegg

 Gjennomføringsplan (1).docx (Gjennomføringsplan)

Merknad:

Ingen merknad

[sign] Karen Nybø for Hordaland fylkeskommune

Lvert 15.02.2018